



SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 5/ 2025 – Onsdag 22. Oktober 2025, kl 16.00

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal og 2. vara Sigrund Breistig

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge - kom under orienteringssaker.

Prest: Eirik Aadland Tappel

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Tor Helge Hardeland, Anne Gjelsvik Vierdal (offentleg verv), Sigrund Breistig (sms).

Tekst for dagen ved Eirik Aadland Tappel.

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.

27/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 030925, vedlagt.

Drøftings- og godkjenningssaker.

28/2025 Rekneskap pr 221025.

29/2025 Budsjetttramme kommunalt tilskot 2026.

30/2025 Utviding gravplass ved Sveio kyrkje – oppfølging frå møtet 030925.

31/2025 Straum og lys på gravplassar som ikkje har det i dag – gjeld Fjellstad, Nordskog, Framnes, Bjelland og Førde ved sjøen, samt på parkeringsplassen ved Valestrand kyrkje og Valen kapell..

32/2025 Møte med Formannskapet 201025 – saker.

- ✓ Utviding gravplass ved Sveio kyrkje.
- ✓ Straum og lys på gravplassar som ikkje har tilgang på dette i dag.
- ✓ Kontorsituasjonen på Kyrkjekontoret.

33/2025 Møteplan 2026.

Orienteringssaker.

34/2025.

- A. Staben vår.
- B. Sakristia i Sveio kyrkje - kostnad, status og framdriftsplan.
- C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.
- D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.
- E. NY 130525: Varmestyring Valestrand kyrkje,
- F. NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.
- G. NY 030925: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til scenane i Sveio og Valestrand kyrkje.
- H. NY 221025: Teljeveke i STAB, FR og SR.

Neste møte 10.12.25, kl 16.00 – kjente saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 221025.
- Leiar i FR 2026.
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924, 291024, 191124, 031224 og 040225, 250325, 130525, 030925 og 221025.

Sveio, 16.10.2025

Solfrid Lier Habbestad (sign)
Leiar Fellesrådet

Rita Holmedal (sign)
Kyrkjevevje

GODKJENNINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	27/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 27/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 030925.

Det var ingen merknader til Innkallinga eller møteprotokollen.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	28/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

28/2025 Rekneskap pr 221025.

Dokument i saka:

Kyrkjevevja presentere oversikt i møtet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 221025:

Framlagt oversikt.

Behandling i møte 221025:

Kyrkjevevja presenterte rekneskapen pr 221025. Vi har pr i dag gode marginar på alle detajeområda (ansvarsområda) våre, men vi har pr august mottatt heile det kommunale tilskotet – det vert utbetalt 3 gonger i året – i mars, mai og august. Ut frå erfaringar så vil utgiftene dei siste månadane i året bidra til at tilskotet vert brukt opp.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 221025:

Rekneskapen pr 221025 vert tatt til etterretning.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 221025:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	29/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

29/2025 Budsjettramme kommunalt tilskot 2026.

Dokument i saka:

Kyrkjevevja presentere oversikt i møtet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 221025:

Ifølge ny økonomisjef i Sveio kommune 161025 så vil ramma på det kommunale tilskotet bli på totalt kr 5150 000 i 2026, men utbetalt med eit fråtrekk på kr 200 000 for tenesteytinga kommunen utføre for kyrkja. Dette er ei auke på 3,9% (kommunal deflator) frå 2025, og som skal dekkja opp for estimert lønns- og prisstigning.

Behandling i møte 221025:

Møtet tog orienteringa til etterretning.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 221025:

Orienteringa om det kommunale tilskotet for 2026 vert tatt til etterretning, og vil danna grunnlag for budsjettet for 2026.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 221025:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	30/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

30/2025 Utviding gravplass ved Sveio kyrkje – oppfølging frå møtet 030925.

Dokument i saka:

Møtebok frå 030925, samt oppdatering om tal-fakta frå Kyrkjeverja i møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 030925:

Gravplassen ved Sveio kyrkja fyllest opp, og vi bør starte prosessen med utviding.

Gravplassen vart tatt i bruk i 2013, og den hadde då plass til 44 urnegraver i felt U1, 85 kistegraver i felt A og 279 kistegraver i felt B. Totalt 364 kistegraver.

Vi har så langt nytta 212 av dei av kistegravene – slik at det pr 161025 står att 152 unytta kistegravplassar.

I perioden 2023-2025 hittil har vi gravlagt totalt 27 personar: I 2023 – 9, i 2024 – 6 og hittil i 2025 – 12. Dei fleste av desse gravene har festa grav ved sida – det utgjer totalt 54 graver.

Om vi legg til grunn at talet på gravlagde framover held seg på nivå med 2025, og at dei fleste vel grav med feste – så vil det ta ca 6 år før alle kistegravplassane er nytta..

Vi er kjende med at kommunen har tatt av areal til utviding av denne gravplassen, og at prosessen dermed vil bli noko kortare enn det vi opplevde med utviding av Eikeland gravplass, men slike prosessar tar tid – så det er viktig å starte planlegginga i god tid.

I tillegg til gravplassen ved Sveio kyrkja, minke det 'og på plass på **gravplassen ved Valestrand kyrkje**.

Her har vi gravlagd følgjande: i 2023 – 2, i 2024 - 0 og hittil i 2025 – 1. Med festa graver totalt 5 graver.

Det er pr i dag totalt plass til 50 nye graver utanom dei som er festa, og nokre av dei nye kan bestilla festa grav ved sida.

Gravplassen ved Valen kapell vert stort sett no berre nytta til festa graver, det gjeld 'og Fjellstad nedre og øvre.

Behandling i møte 030925:

Kyrkjeverja hadde ønske om å ta saka vidare til kommunen.

Møtet støtta forslaget.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 030925:

Kyrkjeverja tar saka om gravplassane opp med kommunen - første gang i møte med formannskapet 20.10.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

Oppdatering pr 221025:

Sjå tekst merka med blå skrift.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	31/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

31/2025 Straum og lys på gravplassar som ikkje har det i dag – gjeld Fjellstad, Nordskog, Framnes, Bjelland og Førde ved sjøen, samt på parkeringsplassen ved Valestrand kyrkje og Valen kapell.

Dokument i saka:

Kyrkjeverja presentere saka i møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 161025/221025:

Manglande straum og lys på gravplassane Fjellstad, Nordskog, Framnes, Bjelland og Førde ved sjøen, samt på parkeringsplassen ved Valestrand kyrkje og Valen kapell.

Dette skapar utfordringar for gravplasspersonalet vårt gjennom vinteren - med tining av nye graver, samt med manglande lys for å utføra arbeidet. Det vil 'og gi utfordringar i høve til å ta i bruk planlagde robotar til å slå graset på gravplassane – dei treng 'og straum.

Elles vil det jo gjera gravplassane meir tilgjengeleg for besøkjande på kveldstid – det blir tidleg mørkt i vinterhalvåret.

Behandling i møte 161025/221025:

Kyrkjeverja har ønske om å ta saka vidare til kommunen.

AU støtta forslaget 161025.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak i AU-møtet 161025 og FR-møtet 221025:

Kyrkjevevja tar saka om straum og lys på nemnde gravplassar og parkeringsplassar opp med kommunen - første gang i møte med formannskapet 20.10.

AU i Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 161025:

AU-møtet 161025 innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 161025:

Møtet støtta AU sitt vedtak frå 161025.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	32/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

32/2025 Møte med Formannskapet 201025 – saker.

- ✓ Plan for utviding av gravplassen ved Sveio kyrkje, samt ved Valestrand kyrkje, sjå sam 30/2025, sjå sak 31/2025.
- ✓ Straum og lys på gravplassar, som ikkje har tilgang på dette i dag.
- ✓ Kontorsituasjonen på Kyrkjekontoret, sjå sak 24/2025

Dokument i saka:

Sak 30, 31 og 24/2025.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 161025/221025:

Sjå sak 30, 31 og 24/2025.

Behandling i møte 161025/221025:

Kyrkjevevja har ønske om å ta sakene vidare til kommunen.

AU støtta forslaget 161025.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak i AU-møtet 161025 og FR-møtet 221025:

Kyrkjevevja tar sakene opp med kommunen - første gang i møte med formannskapet 20.10.

AU i Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 161025:

AU-møtet 161025 innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 161025:

Møtet støtta AU sitt vedtak frå 161025.

221025: Tilbakemelding etter møtet med kommunen og formannskapet 201025.

Kyrkjeverja gjekk gjennom dokumentet som vart presentert for Formannskapet 20.10, og informerte om at det vart overlevert kopi til Formannskapet – dokumentet vert vedlagt utsending av denne møteboka.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	33/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

33/2025 Møteplan for 2026.

Dokument i saka:

Forslag til møteplan – denne følgjer stort sett møteplanen for 2025..

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 221025:

Møta vert primært haldne onsdagar i Sveio Soknehus, frå kl 16.00.

Forslag til Møteplan våren 2026:

AU-møte: 28.01, 18.03 og 13.05

FR-møte: 04.02, 25.03 og 20.05

Forslag til Møteplan hausten 2026:

AU-møte: 26.08, 14.10, 02.12

FR-møte: 02.09, 21.10 og 09.12

Behandling i møte 221025:

Det vart gjort ei endring i framlagt plan – FR-møtet 25.03.26 vert flytta til 08.04.26.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 221025:

Møteplan vår 2026.

AU-møte: 28.01, 18.03 og 13.05

FR-møte: 04.02, 08.04 og 20.05

Møteplan haust 2026.

AU-møte: 26.08, 14.10, 02.12

FR-møte: 02.09, 21.10 og 09.12

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 221025:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.10.22	34/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår og aktivitetar.

Status 130525: Ingrid Pedersen Furdal slutta 290224, Haldis Rolfsnes Stueland gjekk av som førtidspensjonist 010225. Brit Kannelønning Olsen slutta 300924. Jeroen Bode slutta 020525, men avspaserte i april med oppsparte timar frå i fjor sommar. Anne Gjelsvik Vierdal hadde svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 03.08.25 + ferie. – tilbake 150925.

Oddrun Rosenberg Jacobsen starta i nyoppretta prosjektstilling for besøkstenesta innan diakoni 010625. Sissel Elisabeth Fjellsbø starta i stillinga som pedagogisk leiar for kyrkjelydsarbeidet 120825, og Alie Hamberg har auka stillinga si som kontor frå 30 til 50% fom 010825.

Status 221025: Torbjørn Larsen er tilsett i stillinga til Jeroen Bode fom 290925 og ny kantor/organist etter Ingrid Pedersen Furdal, Sigbjørn Apeland, vil ta til i stillinga kring 091125.

Ny sokneprest, Trude-Christina Helgesen Halvorsen, i V & F sokn vart innsett 210925. Alie Hamberg vikarierar som pianist i Barnekoret inntil Sigbjørn Apeland er på plass.

Følgjande aktivitetar er starta opp i haust: Babysong, Dåpsskule, Tårnagentgudsteneste 190925 i Eikeland kapell, Etter skuletid og snart Ungdomsklubb..

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med egne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025 og 2025/2026..

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.

Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.

Status 250325: Prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av ny sokneprest 090225. Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging og blir prioritert framfor det andre sakristiet som for tida vert nytta til el installasjonar og noko lager.

Status 221025: Arbeidet vil start opp att straks ein er ferdig med plenklippinga på gravplassane. Solfrid Lier Habbestad søker Løo om midlar til nytt kjøkken.

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjeverja følgjer opp.

Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.

Status 221025: Frist for å senda inn ny oppdatert søknad er 031125. Prosjektleiar i kommunen har ansvar for oppfølging av dette prosjektet.

Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

Status 221025: Under arbeid.

- D. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta** er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.

Status 030925: Referat frå både FR og SR-møta vert no lagt ut løpande på nettsida vår – under fana «Om oss» og dei ulike råda.

- E. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.**

Finansiert med investeringsmidlar frå kommunen og tilskot frå ENOVA – oppstartmøte halde 070525 – framdriftsplan tilseier at dette skal vera på plass i desember 2025.

Status 221025: Ifølge prosjektleiar i kommunen vil det bli søkt om energitilskot til dette prosjektet. Søknadsfrist 211125. Dersom midlar vert tildelt er planen å fullføra prosjektet i løpet av 1. kvartal 2026.

- F. NY 030925: Ny Rammeavtale elektrisk – opsjon på kommunen sin avtale – iverksett.**

Framover vil dermed Frøvik Elektro AS vera kyrkja sin kontakt innan elektrikartenester.

- G. NY 030925: Ny skulelev frå 10. klasse utplassert i arbeidstrening heile skuleåret 2025/2026.**

- H. NY 030925: Årskontroll brannslangar og slukkerar gjennomført av Presto AS 250825** – alle kyrkjer og kapell godkjende med mindre oppdateringar.

- I. NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.**

- J. Status 221025: Førebls utbetra skader etter stormen Amy. Det vil elles bli utbetra roteskader i og kring vindaugo. Andre ting må søkjast Riksantikvaren om - då kapellet er verna/ listeført.**

- K. NY 030925: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til koret/Scenen i Sveio og Valestrand kyrkje.** Dette er eit innspel frå Biskopen under Bispevisitasen hausten 2024.

Status 221025: Arbeid ikkje starta

- L. NY 221025: Teljeveke i STAB, FR og SR veke 43.**

Vi tel alle møte med folk – besøkjande, på arrangement, samt tlf-samtalar, men ikkje sms og epostar. Tala skal vidareformidlast samla til DNK sentralt. Oversikta vil vera med å bidra til synleggjering av kva kyrkja driv med – kontaktflate og aktivitetar. Kan vera nyttig i møte med søknad om tilskot frå det offentlege mm.

Rita Holmedal – Kyrkjeverje/ referent

Signaturar: